



Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap

Klima – og miljødepartementet

Aurland/ Geiranger, 15. januar 2019.

Ny kulturminnemelding – innspel frå Vestnorsk fjordlandskap.

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, **einaste naturarv**. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomité slo vidare fast i sitt vedtak : ”*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.*»

«Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.»

Verdsarvlista utgjer p.t. 1092 område/ objekt. Av desse er igjen berre 49 marine område med framifrå universelle verdiar. Vestnorsk fjordlandskap er ein av desse marine juvelane.

Vestnorsk fjordlandskap er og ein av 8 verdsarvstader i Noreg som tilsaman repr. det mest unike og verdfulle av norsk natur –og kulturarv.

Nasjonale målsetjingar for den norske verdsarven er allereie uttrykt i både reiselivsmeldinga (Meld. St. 19 (2016–2017) og kulturminnemeldinga «*Framtid med fotfeste*» (Meld. St. 35 (2012–2013) Sistnemnde melding har eit eige kapittel om verdsarven og korleis Norge vil arbeide for å fylgje opp målsetjingane i verdsarvkonvensjonen. Ambisjonane i begge meldingane er tydelege: «*Norske verdsarvområde skal utviklast som fyrtårn for den beste natur- og kulturminneforvaltinga.*».

Det er svært viktig at den nye kulturminnemeldinga vert ytterligare styrka knytt til bevaring av verdsarvområda. Dette er spesielt viktig i ei periode der Noreg sit med eit offisielt og synleg verv i UNESCO kommisjonen. Den økonomiske oppfølginga må tilsvarande stå i stil med ambisjonen som vert lagt i meldinga.



Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap

Vestnorsk fjordlandskap er i norsk samanheng ein relativ stor verdsarv, vel 1220km², som inkluderer mange kommunar, fleire fylke, ei rekkje verneområde i tillegg til busette grender og dalføre. Dette teiknar igjen eit særst variert landskap med omsyn til problemstillingar, utfordringar, ulike styresmakter sine oppgåver og ansvar. Framtidig langsiktig ivaretaking og berekraftig utvikling av dette unike området krev stor grad av sektorovergripande samhandling og koordinering. Ei svært sentral målsetjing med ny stortingsmelding må difor vere å synleggjere ansvar og oppgåver for verdsarven på ulike nivå i forvaltninga samt korleis kvar enkelt omset dette til praktisk handling og tiltak. Eit handlingsprogram for verdsarven bør utarbeidast. Sterkare juridisk forankring av verdsarvstatusen i eksisterande og relevant lovverk bør vere ein naturleg del av dette arbeidet.

Vestnorsk fjordlandskap opplever diverre at det ikkje vert sett av økonomiske ressursar som står i høve til dei nasjonale målsetjingane. Som døme her kan nemnast at vi etter 14 år med verdsarvstatus mottek over statsbudsjettet, for begge delområda, årlege tiltaksmidlar som tilsaman er mindre enn tilskot til ein enkelt musikkfestival. Ikkje noko gale sagt om musikkfestivalar eller større kulturarrangement men det synleggjer etter vår vurdering svært stor avstand mellom mål og middel. Eit fyrtårn med 40 watts pære blir aldri noko fyrtårn; meir som ein svak fjøslampe å rekne.

Vi opplever samstundes at den økonomiske ubalansen omtalt over òg gjeld tilhøve mellom Vestnorsk fjordlandskap som naturarv, og dei andre norske verdsarvstadane kor verdsarvstatusen er tufta på kulturverdiar.

Det er vanskeleg å sjå noko sakleg grunn til kvifor det skal vere slik. Igjen handlar dette ikkje om at kulturområda vert tilgodesett med for mykje; meir om at ressursane avsett til Vestnorsk fjordlandskap må opp på tilsvarende nivå som kulturarvområda.

Vestnorsk fjordlandskap vil fylgje det vidare arbeidet med ny kulturminnemelding med stor interesse.

Verdsarvkoordinator Nærøyfjorden

Verdsarvkoordinator Geirangerfjorden

Erling Oppheim
sign.

Katrin Blomvik
sign.

Kopi:

- Kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal, Stranda og Norddal.
- Fylkesmannen i Vestland og Møre og Romsdal.
- Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdal fylkeskommunar.
- Norges Verdensarv, Røros.
- Miljødirektoratet, Trondheim.
- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.